
Saknr: 2019/41-2
Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Tor
Andreas Titlestad

Saksgang

| Utval | Utv.saknr. | Møtedato |
|--|------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | 13.02.2020 |

Ålmenne kulturvernføreml - Driftstilskot 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver følgjande i driftstilskot, ålmenne kulturvernføreml for 2020:

| | |
|---------------------------------------|------------|
| Bullahuset, Osterøy | kr 200 000 |
| Espeland fangeleir, Bergen | kr 350 000 |
| Fjelberg gamle prestegard, Kvinnherad | kr 250 000 |
| Fortidsminneforeningen Hordaland | kr 200 000 |

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil stø opp om det viktige arbeidet frivilligheita tek på seg i høve ivaretakinga av felleskapet sin kulturarv, og ber om sak med framlegg til ei ordninga som kan femne aktørar heile Vestland fylke.

Samandrag

Saka gjeld fordeling av driftstilskot til ålmenne kulturvernføreml og er beasert på innkomne søknader frå 2019. Fram til ny ordning vert etablert med nye retningsliner, gjeldande frå budsjettår 2021, gjer fylkesdirektør framlegg om berre mindre endringar i fordelinga av tilskota i 2020. Løyvingane til tre av søkjarane er på same nivå som i 2019, medan Fortidsminneforeningen vert prioritert med ei lita auke på 9000 kr.

For å stø opp om arbeidet frivilligheita tek på seg for å ta vare på vår felles kulturarv og femne breiare i heile det nye fylket, bør ordninga styrkast i samband med budsjett for 2021.

Fylkesdirektøren vil kome attende med eiga sak om retningsliner for ny ordning.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J. Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hordaland fylkeskommune løyvde følgjande driftstilskot i budsjett 2019:

| | |
|---------------------------------------|---------|
| Bullahuset, Osterøy | 200 000 |
| Espeland fangeleir, Bergen | 350 000 |
| Fjelberg gamle prestegard, Kvinnherad | 250 000 |
| Fortidsminneforeningen Hordaland | 191 000 |

Det vart for driftsåret 2020 motteke søknader om følgjande:

| | |
|---------------------------------------|---------|
| Bullahuset, Osterøy | 200 000 |
| Espeland fangeleir, Bergen | 900 000 |
| Fjelberg gamle prestegard, Kvinnherad | 250 000 |
| Fortidsminneforeningen Hordaland | 400 000 |

Fylkestinget vedtok 17.12.19 budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 i [PS14/2019](#). Finansutvalet vedtok 13.11.19 sektorbudsjetta jf [arbeidsdokument 7/19](#). I tabell 4.7, Ålmenne kulturvernforemål, vart det satt av kr 1 000 000 til «Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne» med følgjande kommentar:

Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne

I 2019 har fire eigarar av verna og freda bygningar motteke driftstilskot: Bullahuset (Osterøy), Espeland fangeleir (Bergen), Fjelberg gamle prestegard (Kvinnherad) og Fortidsminneforeningen

Hordaland, med 7 eigedomar: Finnesloftet (Voss), Holdhus gamle kyrkje (Fusa), Lydvalloftet (Voss),

Lysøen (Os), Moster gamle kyrkje (Bømlo), Nonneseter klosterruin (Bergen), Ullestadbuva (Voss) og Stranges Stiftelse (Bergen). For å stø opp om det store arbeidet frivillige lag og organisasjonar i heile Vestland tek på seg for å ta vare på vår felles kulturarv, gjer fylkesrådmannen framlegg om å etablere ei ny tilskotsordning til drift og vedlikehald av regionalt og nasjonalt prioriterte kulturminne.

Fram til ny innretting av tilskotsordninga vert etablert, med nye retningslinjer gjeldande frå budsjettår 2021, gjer Fylkesdirektøren framlegg om mindre endringar for driftstilskot frå 2019 til 2020. Vi gjer framlegg om at Bullahuset, Espeland fangeleir og Fjelberg gamle prestegard får same tilskot i 2020 som i 2019. Fortidsminneforeningen vert i 2020 prioritert med ei lita auke på 9000 kr., grunna i regional verknad og auka foreiningsverksemd i fleire kommunar.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Storleiken på tilskot ligg innafor vedteke budsjett 2020

Klima: Tiltak som sikrar bruk av eksisterande bygningsmasse er positivt for klimarekneskapen.

Folkehelse: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordningane er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i dei regionale kulturplanane.

Konklusjon

Fram til ny innretting av ordninga vert etablert med nye retningslinjer, gjeldande frå budsjettåret 2021, gjer Fylkesdirektøren framlegg om mindre endringar for driftstilskot i 2020.

Fortidsminneforeninga vert prioritert med ei lita auke på 9000 kr.

| | |
|---------------------------------------|---------|
| Bullahuset, Osterøy | 200 000 |
| Espeland fangeleir, Bergen | 350 000 |
| Fjelberg gamle prestegard, Kvinnherad | 250 000 |
| Fortidsminneforeningen Hordaland | 200 000 |

For å stø opp om arbeidet frivilligheita tek på seg for å ta vare på vår felles kulturarv og femne breiare i heile det nye fylket, bør ordninga styrkast i samband budsjett for 2021.

Fylkesdirektøren kjem attende med eiga sak om retningsliner for ny ordning.